



Møtebok

Arbeidutvalet i Villreinnemnda for Setesdalområdet

Telefonmøte

06. mars 2017, kl.17.00-18.00

Faste medlemmar til stades:

Tommy Vatslid	Nestleiar	Bykle
Margit Smeland	Leiar	Åmli
Torbjørn Fjermestad	Arbeidsutval	Gjesdal
Mona Riis	Arbeidsutval	Kviteseid

Faste medlemmar ikkje til stades:

Lill Synnøve Laugaland	Arbeidsutval	Hjelmeland
------------------------	--------------	------------

Varamedlem til stades:

Anne Tove Sandal Teiganes	1.vara, au	Odda
---------------------------	------------	------

Frå administrasjon:

Jarle Lunde

Sand 07.03.2017

Jarle Lunde
Sekretær

Sakliste

- Sak 08/17 Disposisjon frå arealplanen for ombygging/nybygg/restaurering av støylar ved Sæsvatn – eventuell klage på vedtak
- Sak 09/17: Uttale til Kommunedelplan for friluftsliv Bortelid - Ljosland, Åseral kommune. Varsel om oppstart av planarbeid
- Sak 10/17: Eventuelt



Sak 8/17

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	06.03.17	Jarle Lunde

Dispensasjon frå arealplanen for ombygging/nybygg/restaurering av støylyar ved Sæsvatn – eventuell klage på vedtak

Villreinnemnda har fått melding om nytt vedtak frå Plan- og miljøutvalet den 18.01.2017, i Vinje kommune

Bakgrunnsdokument

- [Uttale frå arbeidutvalet i villreinnemnda, 10.03.2014](#)
- [Vedtak PLM, Vinje kommune, 18.01.2017](#)
- [Andre saksdokument](#)

Saka

- Denne saka vart fyrst handsama i PLM 25.06.14, då vart søknaden godkjent.
- Villreinnemnda klaga på vedtaket.
- Saka vart på nytt handsama i PLM 26.11.14, utvalet tok ikkje klaga frå Villreinnemnda til fylje og søkjar fekk på nytt medhald.
- Saka vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Fylkesmannen oppheva vedtaket til kommunen 29.06.15 grunna sakshandsamingsfeil - saka hadde ikkje vore sendt til Fylkesmannen på høyring før vedtak vart gjort.
- Saka vart sendt på høyring til Fylkesmannen. Fylkesmannen går i uttale av 02.09.15 til ikkje å gje dispensasjon. Kommunen bør ha ei restriktiv haldning til bygging i området av omsyn til villreinen. Storleiken, omfanget og utforminga/utsjånaden på hyttene må vurderast nøye.
- Ny sak vart lagt fram for PLM. Administrasjonen er framleis positiv til tiltaket, men i tråd med Fylkesmannen si tilråding vert dei tiltaka det var søkte om redusera noko i omfang slik at det bl.a. ikkje skulle vere så store avvik frå krava i kommuneplanens arealdel. Framlegg til vedtak vart vedteke i PLM i møte 29.06.16.
- Vedtaket vart sendt til Fylkesmannen 13.07.16 slik at dei kunne nytte seg av sitt høve til å klage. Fylkesmannen har ikkje påklagd vedtaket.
- Rammeløyve vart skrive ut 23.09.16.
- Søkjar klagar på vedtaket og viser til at dei held seg innafor arealgrensene i § 2.10.1 i retningslinene i Heiplanen.
- Administrasjonen meiner det ikkje har kome nye moment i klaga og tilrår at klaga ikkje blir teken til fylgje.

- PLM (18.01.2017) viser til klaga frå søkar og tidlegare vedtak i utvalet 25.06.14, og tek klaga til fylgje.

Vurdering

Som ein ser er dette ei gamal sak og eg visar til saksutgreiing frå 2014 ([Uttale frå arbeidutvalet i villreinnemda, 10.03.2014](#)).

Arbeidutvalet meinte den gong at vedtaket i kommunen ikkje tok tilstrekkelig omsyn til dei viktige villreininteressene i området. Det blei difor klaga på vedtaket. Klaga blei ikkje tatt til fylje av kommunen. Fylkesmannen vurderte ikkje innhaldet i klaga, men oppheva kommunen sitt vedtak grunna sakshandsamingsfeil. I ei seinare uttale rår Fylkesmannen kommunen til ikkje å gi dispensasjon til bygging slik det er søkt om.

Kommunen har no gitt løyve til ei utbygging som i 2014. Situasjonen for villreinen er den same. Sekretær vil difor råde til at ein på nytt påklagar vedtaket i Vinje kommune. Utkast er vedlagt.

Forslag til vedtak

Arbeidsutvalet godkjenner klage slik den blir framlagt. Klage blir sendt Vinje kommune innan fristen.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Arbeidsutvalet godkjenner klage slik den blir framlagt. Klage blir sendt Vinje kommune innan fristen.



Til
Vinje kommune

Sand 06.03.2017

Dispensasjon frå arealplanen for ombygging/nybygg/restaurering av støylar ved Sæsvatn – klage på vedtak

Villreinnemnda syner til e-post frå kommunen datert 13.02.2017 vedkommande sak handsama i Plan- og miljøutvalet (PLM) den 18.01.2017. Vedtaket kan påklagast innan 3 veker.

Saka blei handsama i arbeidsutvalet i villreinnemnda 06.03.17

Villreinen

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltast me dei siste livskraftige bestandene av den opphavslege ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette ”Nasjonale villreinområder” (NVO).

Tiltaksområdet ligg i NVO. Dei aktuelle bygningane er lokalisert i område av stor viktigheit som vinterbeiteområde for villrein. Det ligg i tillegg ein trekkorridor for villrein nord-aust for Sæsvatn. Denne er særskild viktig for trekk av villrein mellom Setesdal Austhei og Setesdal Ryfylke villreinområde.

Klage

Villreinnemnda for Setesdalsområdet vil med dette på ny klage på vedtaket i saka. Nemnda meiner ein i for liten grad legg vekt på området sin viktigheit for villrein. Auka aktivitet knytt til monaleg auke i bygningsmasse kan verke negativt inn på villreinen sin bruksmoglegheit av område. Eksisterande inngrep i nærområda til Sæsvatn gir grunnlag for å vera særleg varsam med ytterligare tiltak.

I nemnda sin uttale til saka (10.03.14) heiter det mellom anna:

Det bør ikkje gjevast løyve til tiltak utover det å sette i stand bygningar som står i dag. Ved istandsetting må det vera ein føresetnad at det ikkje vert ei bruksendring av bygningen, til dømes frå fjøs/uthus til bygg for overnatting, eller at storleik vert auka. Nybygg må bare vera tillate der dette er til erstatning for bygning som vert riven, og maksimalt med tilsvarande storleik og bruk. Eventuelle nybygg må og førast opp på rivingstomt eller nær opp til denne.

Vedtatt løyve er ei langt større utbygging enn det som låg i tilrådinga frå villreinnemda, og seinare i Fylkesmannen og kommuneadministrasjonen si tilråding. Me ber kommunen endre vedtaket.

Villreinnemda viser og til følgande:

- I Heiplanen er det opna for nye bygg i samband med landbruk –utmarksnæring og for ivaretaking av gammalt støylslandskap. Vesentleg er likevel at det er ein føresetnad at lokalisering av nye bygg skal skje i minst mogleg konflikt med villreinenens arealbruk. Me syner her til kap. 2.10.1 i Heiplanen. Vidare er retningslinene for storleik på husvære jfr. heiplanen oppgjeven som maksimal storleik. I denne saka er det gode grunnar til å ikkje tillate ei maksimal utbygging.
- I Heiplanen vert omgrepet «gjeldande forståelse av landbruksnæring» nytta i kap. 2.10.1. Det går vidare fram av s. 36 i Heiplanen at det er rettleiar T-1443 (Landbruk pluss) som skal leggest til grunn ved vurdering av slike søknader. Ut frå den bruk som er omtala av søkar (utleige i samband med småviltjakt, reinsjakt og fiske) kan me vanskeleg sjå at dette er i tråd med LNF-føremålet i kommuneplanen. Av tabell på s. 37 i Heiplanen går det og fram at nye bygg for utleige eller utmarksnæring ikkje er i samsvar med LNF – føremålet.

Utover dette syner me til vurderingar og grunngeving i uttale datert 10.3.2014.

Med helsing

Margit Smeland
Leiar

Jarle Lunde
Sekretær

Kopi:

Fylkesmannen i Telemark
Fylkeskommunen i Telemark
FNF Telemark



Sak 9/17

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	06.03.17	Jarle Lunde

Uttale til Kommunedelplan for friluftsliv Bortelid - Ljosland, Åseral kommune. Varsel om oppstart av planarbeid

Bakgrunnsdokument

- [Kommunedelplan for friluftsliv Bortelid – Ljosland 2017 - 2027, Åseral kommune - planprogram](#)

Saka

Villreinnemnda har fått tilsendt varsel om oppstart av planarbeid, kommunedelplan for friluftsliv Bortelid – Ljosland, Åseral kommune.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for eit heilskapleg og framtidretta løypenett i området.

Vurdering

Ein kommunedelplan for friluftsliv eit viktig verkemiddel for å ivareta villreinområda. Villreinnemnda ser det som svært positivt at kommunen no vil utarbeida ein slik plan.

Forvaltning av villrein

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Villrein er ein ansvarsart for Norge. Gjennom Bern-konvensjonen har me teke på oss ei plikt til å ta vare på villreinen. I Norge forvaltar me dei siste livskraftige bestandene av den opphavelige ville fjellreinen i Europa. Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt.

I St.meld. nr.26 (2006 – 2007) blir det slått fast at sikring av villreinens leveområder er eit nasjonalt mål. Dette skal bl.a. skje ved å opprette ”Nasjonale villreinområder” (NVO).

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene eit av ti villreinområde som har status som Nasjonale villreinområde. Den regionale planen «Heiplanen» gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området.

Villreinen i Åseral

Setesdal Vesthei er frå naturen si side marginale villreinområde med særleg avgrensa tilgang til vinterbeite. Å sikre villreinen tilgang til desse områda er svært sentralt for villreinreinformaltinga. Historisk har nordlege delar av Åseral kommune hovudsakleg vore vinterbeite for alle typar dyr, og barmarksbeite for bukk (NVS Rapp 6/2010). NINA Dyreposisjonar (2006-d.d) viser at merka villrein har nytta området.

Heiplanen

Heiplanen gir føringar for utarbeiding av sti og løypeplan. Her heitar det mellom anna at «Oppkjørte og merkede skiløyper i høvfjellet skal legges utanfor viktige vinterbeiteområder for villrein....»

Generelt vil ein oppmoda kommunen om å legge retningslinjene i Heiplanen til grunn når ein vurderer nye forslag. I hovudsak vil det seie at nye løyper leggest utanfor NVO, og at ein ikkje går lenger inn i viktige villreinområde enn eksisterande løyper.

For alle løyper må det være ei klar forutsetning at all løypekjøring stanses umiddelbart dersom det er villrein i eller i nærleiken av løypekjerne. Det må etablerast gode rutinar for dette. Det er og viktig med god informasjon til brukarar om eventuell stenging av løyper og kvifor dette skjer.

I planprogrammet kjem det fram at mye av framtidig tilrettelegging for friluftsliv skal styrast mot midtheia mellom Bortelid og Ljosland. Villreinnemda stør dette. Jfr Heiplanen er dette området dels i «Hensynssone bygdeutvikling», og dels i «Hensynssone villrein».

Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Forskrifter og forvaltningsplan for verneområda gir viktige føringar for arbeidet med kommunedelplanen. Her er det viktig å notere seg at ei forskriftsendring for oppkjøring av skiløyper nærmar seg endeleg avgjersle av Klima- og miljødepartementet. For Åseral kommune gjeld dette løypene:

Bortelid – Pytten

Ljosland – Stikkebosshei

Ljosland – Lakkestova

Dei kommande forskriftsendringane bør inngå i kommunedelplanen.

Forslag til uttale

Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt. Ein kommunedelplan for friluftsliv eit viktig verkemiddel for å ivareta villreinområda. Villreinnemda ser det som svært positivt at kommunen no vil utarbeida ein slik plan.

Generelt vil ein oppmoda kommunen om å legge retningslinjene i Heiplanen til grunn når ein vurderer nye turforslag. I hovudsak vil det seie at nye løyper leggest utanfor NVO, og at ein ikkje går lenger inn i viktige villreinområde enn eksisterande løyper.

I planprogrammet kjem det fram at mye av framtidig tilrettelegging for friluftsliv skal styrast mot midtheia mellom Bortelid og Ljosland. Villreinnemda stør dette. Jfr Heiplanen er dette området dels i «Hensynssone bygdeutvikling», og dels i «Hensynsone villrein».

Forskrift og forvaltningsplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde gir viktige føringar for arbeidet med kommunedelplanen. Her er det viktig å notere seg at ei forskriftsendring for oppkjøring av skiløyper nærmar seg ei endeleg avgjersle av Klima- og miljødepartementet. Desse bør innarbeidast i kommunedelplanen.

Nemnda ser fram til eit godt samarbeid i det vidare planarbeidet.

Saksprotokoll, Arbeidsutvalet i villreinnemda

Framlegg til uttale blei samrøystes vedteke.

Uttale

Den generelle samfunnsutviklinga har ført til ein fragmentering av villreinen sine leveområde. Det er no auka fokus på arealforvaltning som ein viktig strategi for å ta vare på villreinen som art på lang sikt. Ein kommunedelplan for friluftsliv eit viktig verkemiddel for å ivareta villreinområda. Villreinnemda ser det som svært positivt at kommunen no vil utarbeida ein slik plan.

Generelt vil ein oppmoda kommunen om å legge retningslinjene i Heiplanen til grunn når ein vurderer nye turforslag. I hovudsak vil det seie at nye løyper leggast utanfor NVO, og at ein ikkje går lenger inn i viktige villreinområde enn eksisterande løyper.

I planprogrammet kjem det fram at mye av framtidig tilrettelegging for friluftsliv skal styrast mot midtheia mellom Bortelid og Ljosland. Villreinnemda stør dette. Jfr Heiplanen er dette området dels i «Hensynssone bygdeutvikling», og dels i «Hensynsone villrein».

Forskrift og forvaltningsplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde gir viktige føringar for arbeidet med kommunedelplanen. Her er det viktig å notere seg at ei forskriftsendring for oppkjøring av skiløyper nærmar seg ei endeleg avgjersle av Klima- og miljødepartementet. Desse bør innarbeidast i kommunedelplanen.

Nemnda ser fram til eit godt samarbeid i det vidare planarbeidet.



Sak 10/17 Eventuelt

Utval	Møtedato	Sakshandsamar:
Arbeidsutvalet i Villreinnemnda	06.03.17	Jarle Lunde

a) Innlegg på frukostseminar i Oslo

Nemnda har fått ei henvending frå Samarbeidsrådet for naturvernsaker (SRN) om me kan halde eit kort foredrag under eit frukostseminar 27. mars i Oslo: «Feilslått med vindkraft i nasjonalt villreinområde. Hovatn i Aust-Agder». Dette vil vere eit av fire innlegg SRN vil trekke fram som døme på gode og dårlege val når det gjeld produksjon av grøen energi. Målet å få med Stortingpolitikerar frå Energi- og miljøkomiteen, og alle parti på Stortinget er invitert til å delta.

Arbeidsutvalet er positive. Sekretær held innlegget.

b) Problem med lenker

Noen har problem med å opne lenker i saksframlegg (lenker til dropbox). Sekretær ser på saka.